


# KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Februar 1995

49. årg.



Se universets Herre  
i rommets kongehall,  
med stjerner i sin krone  
og kloder uten tall!  
Men han er og i støvet  
og kommer ganske nær,  
han ser vår fred på jorden  
og husker hvem vi er.

Se han som tenner lyset  
i rommets kirkesal,  
velsigner hele kosmos  
fra himlens katedral!  
Men han ser òg i nåde  
til jordens lave krypt,  
han rekker sine hender  
mot oss som falt så dypt.

Se han som skaper livet  
i rommets dunkle skjød,  
som hersker over altet  
og over liv og død!  
Men han bor òg i hjertet  
hos sine barn på jord,  
han skaper liv av døde  
og frelser den som tror!

*(Olaf Hillestad 1964)*

## HELING FRÅ ANTSIRABE

Aller fyrst - takk for sist til dei mange eg fekk møta i ulike samanhengar året eg var heime. To gonger har kyrkjelydsbladet funne vegen til postkassen min her i Antsirabe, og det blir lese med stor interesse! Takk for all forbøn for oss ved Den Norske Skulen på Madagaskar.

### "Vår"-månadar

Desse "vår"-månadane har gått fort der vi har vore opptekne med dei mange gjeremål ved skulen og i fritidsaktivitetar. "Gledeleg opptekne", for å sitera ei gassisk prestefrue.

Alle ytre tegn ute i naturen fortel oss no at advent og julehøgtid står for døra: Blømande hagar, bungnande frukttrær, intens serisse-"song" og så varmen. 34 grader i skuggen følest varmt i ei høgde på 1600 m.o.h.

Vi stundar etter regnet - som let venta på seg - trass i mørke skybankar i vest med lyn og rullande torden kvar ettermiddag. Mange har stor uro for dei unge mais- og bønneplantene. Om ikkje regnet kjem nå, har alt arbeid vore til fånytte. Mange av uttrykka i Bibelen som skildrar liv og død, menneska sin lengt etter tryggleik og frelse er knytta til begrep som brød og vatn. Desse uttrykka får ein sterkare klang og innhald når ein opplever svølt og tørke.

Kong David uttrykker det slik: "Som hjorten stundar etter rennande vatn, slik stundar mi sjel etter deg, min Gud". Og Jesus ropar ut: "Den som tyrstar skal koma til meg og drikka - og eg vil gjeva han det levande vatn - ei kjelde til evig liv.

### Julebodskapan

Julebudskapan er Guds utstrakte, frelsande hand til ei menneskeslekt som er på leiting etter meining og mål for livet. Ordet som på nytt vil visa oss vegen til han som er Livsens kjelda, visa veg til Frelsaren i krubba. Ved han er det vi kan motta tilgjeving og nåde til nytt liv. Måtte me ikkje verta så opptekne av råma kring barnet at vi ikkje tek imot Frelsaren - elles vert vår julefest "berre og strå", for å sitera S. Ihle.

Den sterkahalm ste opplevinga av ekte juleglede møte eg ein tidleg juledagsmorgon i eit fattigsleg

kyrkjehus ute på Barasletta. Kyrkjerommet var fjelga etter beste evne. Golvet var sopa, matter lagt ut, alterbordet var dekt av ein liten duk og to ljøs skapa høgtid. Der sat vi - eldre og unge, barn og vaksne trøngt og varmt. Så tona jubelen ut i ord og tonar frå takksame, frie og frelste menneske som hadde opna sine hjarto for det største av alle under: "Så høgt elska Gud verda at han gav son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal fortapast, men ha evig liv". Eit signa og godt nyttår til alle.

Helsing frå  
Annelaug Sandal

Sjølv om dette var ei helsing med julebodskap synest me det var verd å taka med då me på den måten kan halda kontakten med misjonæranne.

(Red.)



Elevar og lærarar ved Den Norske Skulen på Madagaskar



## Dei er fattige... Er dei likevel rikare enn oss?

Vatn, mat, tilbod om bedre helse og utdanning. Dette er sjølv sagt for oss. Men i store delar av verda er det ein uoppnåeleg draum. Der er vona, motet, optimismen og fantasien noko av rikdomen. Evnen er tilstades, men gjennomføringa blir vanskeleg.

Kirkens Nødhjelp arbeider for at så mange som råd er, skal få høve til eit fullverdig liv og bruka alle evnene sine.

Di gåve til Fasteaksjonen er med og gjer dette mogleg. Takk skal du ha!



Hugs Fasteaksjonen 1995

## DEI RIKE FATTIGE

-Me treng eit nytt menneskesyn, seier Grethe Matre, leiar for Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 1995.

I vår del av verda graderer me ofte menneska etter kor rike dei er og set "oss rike" opp mot "dei fattige", legg ho til.

Temaet for fasteaksjonen i år er "Dei er fattige, er dei likevel rikare enn oss?" Det er ikkje eit forsøk på å romantisera fattigdommen, men ei utfordring til å tenkja gjennom egne verdiar. Denne fasteaksjonen er den 28. i rekka.

### Dale

Formann i Dale sokneråd, Eli Kringlebotten, seier at ein i Dale sokn legg opp til ein innsamlingsaksjon torsdag 6. april. Då vil det verta ein "Dør til dør" aksjon på Dale og Stanghelle. Sjølv aksjonen tek til kl. 17.00. Eli Kringlebotten vonar at innsamlarane vert tekne vel mot og at me på denne måten kan vera med å hjelpa andre.

### Vaksdal

-På Vaksdal skal det vera innsamlingsdag 4. april frå kl 17.00 og utover, seier leiar av fasteaksjonen Per Nordmark. Han fortel at dei når fasta startar sender ut fastebøsser til alle husstandane i Vaksdal sokn. Desse bøssene kan då vera ei dagleg påminning om å hjelpa dei som har det verre enn oss. Bøssene vil verta samla inn på aksjonsdagen 4. april. Dersom det ikkje høver, kan ein levera dei i kyrkja.





## SKULELAGET

Ein fredagsettermiddag i januar tok kyrkjebladet turen til Småbrekke i Bergsdalen der det kristne skulelaget "Dagning" hadde styremøte, for å høyra litt om laget.

Me spør leiar i skulelaget, Dag Inge Dæmring korleis laget fungerer.

-Det fungerer ganske bra. Me samlast til andakt i storfriminuttet dei tre første onsdagane i måneden. Frammøtet varierer med mellom seks og tretten framømte. Me knyter då til oss ulike andaktshaldarar. Me er også så heldige at me har med oss ein av lærarane på ungdomsskule, Trude Tveit, seier Dag Inge Dæmring.

-Har de vurdert å ha samlingar også på kveldstid?  
-Ja, men førebels er det litt i det blå.

### Start

-Kor lenge har det vore skulelag på Dale?

-Det tok til i 1959 på det som då heitte Dale realskule. Etter den tid var det jamn drift fram til 1982 då det vart lagt ned grunna mangel på personar til å ta seg av det.

Men i januar 1993 kom det drift i laget att og vonleg vil det halda fram i mange år enno. Det står og fell med at nokon er villige til å ta eit tak.

-Kostar det noko å vera med i laget?

-Me har ikkje medlemspengar, men det er fritt for alle til å støtta laget med pengar. Me vil også vurdere utlodding til inntekt for laget. Elles har me tenkt å søkja sokneråda om støtte.

### Vaksenleiar

-Har laget kontakt med nokon vaksne som er med og hjelper til?

-Nei, me har spurt fleire gonger, men ikkje fått napp. Så den oppfordringa lar me gå ut endå ein gong.

-Kva kan ein vaksenleiar gjera?

-Vedkomande kan hjelpa til med det økonomiske og vera kontakt når ein har trong for å låna lokale til for eksempel å arrangera noko på kveldstid.

-Har de ikkje kontakt med noko vaksne utanfor skulen i det heile nå?

-Jo, me har ein såkalla fadder som heiter Sonja Myhr frå Arna. Ho har me fått via lagskontoret i

Bergen. Ho har erfaring frå lagsarbeid og me kan kontakta ho dersom me lurar på noko. Men det aller beste hadde sjølvsagt vore å ha ein fast vaksenleiar frå Vaksdal kommune. Så dersom nokon kunne vera interessert i hjelpa til i eit kristent skulelag kan dei kontakta Dag Inge Dæmring på telefon: 56 59 63 17 etter skuletid.

### Stalltreff

-Stalltreff er visst populært, kva er det?

-Det er ei samling på lagshuset i Kalfarvei 8 i Bergen første fredagen i kvar måned. Der er det allsidig program og mogeleg å få overnatta laurdag om ein vil det.

-Me vil gjerne vita litt meir om moderorganisasjonen dykkar.

-Noregs kristelige student- og skuleungdomslag vart stifta i 1924, og var såleis 70 år i fjor. Laget har også eige forlag, Credo, og driv eit bibel- og evangeliesenter i Mandal som heiter Hald. Det vert også arrangert leiar og kurs.


Ved lagskontoret i Bergen er det tilsett ein lagsprest som heiter Bjørn Tore Sæle. Tove Margrete Nordmark frå Vaksdal er også tilsett ved lagskontoret i Bergen.

### Appell

-Har de nokon appell til slutt?

-Me vil oppmoda endå fleire av elevane ved ungdomsskulen på Dale til å vera med i lagsarbeidet. Det er både givande og interessant. Me vil også oppfordra dei som kunne tenkja seg til å støtta laget økonomisk og verta ein såkalla lagsven til å ta kontakt med leiar, seier Dag Inge Dæmring til slutt.

(R.K.)



Nokre av elevane ved Dale Ungdomsskule samla til skulelagsandakt. I bakre rekke er det nokre som er fotosky.

Framme til høgre lærar Trude Tveit.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)



Styret i skulelaget "Dagning", fv. Knut Erlend Rosvold, Øyvind Mjelde, Ragnhild L. Nordmark, leiar Dag Inge Dæmring og Jørgen Småbrekke. Thomas Brekkuhus var ikkje til stades.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)



## NÆR 60 ÅR I MUSIKKENS TENESTE

Kyrkjebledredaktøren hadde i januar gleden av å få vitjing av tidlegare organist Thor Michelsen for å få høyra litt om hans mangslungne musikkliv.

### Bergen

Me spurde kvar han vart fødd.

-Eg er fødd og oppvaksen i Bergen 19. januar 1914. Eg kom til verda på "Stiftelsen" som låg på Rådstuplass i Bergen, ikkje langt frå der hovudpostkontoret ligg nå, fortel Michelsen. Mine aller første barneår hadde eg i Solheimsviken, der budde me til eg var i 10-11 årsalderen. Då flytte me til Strømme ved Nordåsvatnet.

-Er du vaksen opp med musikk?

-Ja, far min, August Michelsen var organist i Nykirken i Bergen i 40 år. Medan eg utdanna meg var eg ofte vikar for han når det var trong for det, mellom anna i mange bryllup. Det var mange som kom til Bergen frå landet for å gifta seg og hadde bryllup på eit av dei mange hotella som den tid var i området rundt Nykirken. Eg trur kvar person beltalte omlag 5 kroner for overnatting. Så tilliks med Lars Ragnvaldsen har eg trakka mine musikalske barnesko i Nykirken. Far hans var også organist der.

### Organisten

-Kvar fekk du utdanninga di?

-I min aller første ungdom underviste far min meg, sidan gjekk eg og spelte hjå kantor Solheim og Trygve Presttun i Domkyrkja. Dessutan studerte eg ved Musikkonservatoriet i Bergen.

-Di første organiststilling, kvar var det?

-Mi fyrste organiststilling hadde eg i Metodistkyrkja som ligg i Skottegaten like ved forsamlingshuset "Betlehem". Der var eg i omlag 15 år. Vidare var eg vikar i Johanneskirken for Thorleif Aamodt.

I 1960 hamna eg i Nord-Noreg, nærare bestemt i Svolvær. Der var eg organist i kyrkja og musikk lærar i høgskulen. Eg var i Svolvær til 1965, då eg reiste til Nordre Land der eg var til

1967. Då fekk eg vita at det var ledig stilling i Vaksdal kyrkje og så hamna eg altså der.

### Vaksdal

-Korleis har du likt deg i Vaksdal?

-Det har vore dei beste åra i livet mitt. Eg trivst veldig godt her, og har fått høve til å sjå meg om i heile kommunen. Eg har jo spela ein eller fleire gonger i alle kyrkjene. Det var forresten far min som var organist ved vigslinga av Vaksdal kyrkje i 1933 og då fekk eg vara med, så eg kjende både kyrkja og orgelet frå før.

-Kva har du drive med utanom det å vere organist?

-Eg har drive kor på Stamnes og i Eksingedalen. Dessutan starta eg skulemusikken på Stamnes, og har vore dirigent for skulemusikken på Vaksdal og Vaksdal Musikklag. Eg har også vore musikk lærar på tidlegare Dale realskule og Vaksdal skule.

-Du har ofte pre- og spesielt postludium som er med og understrekar gudstenesta. Får du inspirasjon under sjølve gudstenesta?

-Eg får ofte ein ide under gudstenesta og dessutan likar eg å spela musikk som tilhøyrarane kjenner seg att i.

### Pensjonisten

-Du har ikkje lagt organistutøvinga vekk etter at du var pensjonist?

-Nei, eg har hatt vikariat ved ulike høve. Dei siste åra har det vore ein god del gravferder mellom anna medan Julia Harbrecht tek vidare utdanning i Bergen.

-Elles har du vel godt selskap i den mykje omtale katten din?

-Ja, det er sikkert. Han er nå vorte 15 år og det skal utgjera omlag 105 menneskeår, men han er i beste velgåande og veldig nøye i kosten. Han vil helst har godt med fløyte i mjølka. Både stell av katt og andre ting gjer at eg ikkje har noko fritidsproblem, avsluttar Michelsen.

Kyrkjebledet takkar for praten og vil samstundes koma med ein forseinka gratulasjon til 81-årsdagen i januar.

(R.K.)



Thor Michelsen på orgelkrakken i Bergsdalen kyrkje.

Foto: (Ragnvald Kringlebotten)



Michelsen med sin kjære pus på fanget  
Foto: (Jan Egil Dyvik)

### SALMEBØKER

Til Dale Kyrkje er det løyva omlag 10.000,- til innkjøp av fleire salmebøker. Nokre av dei er grå av farge og har større skrift enn dei grøne. Eli Kringlebotten seier at dei søm har problem med lita skrift bør finna seg ei slik bok, og på den måten få lettare med seg teksten i salmane. Slike grå bøker er lagde ut i alle kyrkjene.



## SOKNERÅDSFORMENN

Etter at vala er gjorde har sokneråda fått desse formennene for 1995:

**BERGSDALEN:** Lise-Lotte Småbrekke, Bergsdalen, 5280 Dalekvam. Tlf. 56 59 89 68.

**DALE:** Eli Kringlebotten, 5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

**EKSINGEDALEN:** Ingolf Gullbrå, Høvik, 5294 Eidslandet. Tlf. 56 59 58 21.

**NESHEIM:** Ingunn Lønning Gullbrå, Gullbrå, 5294 Eidslandet. Tlf. 56 59 59 20.

**STAMNES:** Anne Margrete Eikefet, Eikefet, 5294 Eidslandet. Tlf. 56 59 56 77.

**VAKSDAL:** Bjørn Knutsen, 5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 73 40.

## KONTINGENT

Vedlagt i bladet finn de ein postgiro for innbetaling av kontingent for 1995. Prisen er som før kr. 60,-.

Me vonar flest mogeleg vil vera med og støtta Kyrkjebladet på denne måten.

Dersom de finn å kunna gje meir enn sjølve kontingenten er me takksame for det.

På førehand takk.

(Red.)

## LØYSING KONKURRANSE

1. Nå tenner vi vår adventskrans
2. Eit barn er født i Betlehem
3. Eg synger julekvad
4. Her kjem me Jesus, dine små
5. Glade Jol
6. Eg er så glad kvar jolekveld

Vinnarar:

Sondre Nesheim, 5294 Eidsland. Det var berre eit rett svar. Bokpremien kjem i posten.

## NÅDETID

Er det ikke en ganske naturlig ting at vi mennesker går gjennom livet som om det skulle være en selvfølge. At vi alltid skulle ha to friske ben å gå på, to friske armer å arbeide med, og til å omfavne våre med? En munn å snakke med. To øyne å se med, og to ører å høre med?

Og så kommer plutselig den dagen at denne "selvfølgeligheten" ikke er der lenger!, at det bare har vært en nådetid? Kanskje den etterfølges av en smertetid?

"Jeg søkte Herren og han svarte meg med å fri meg fra det som forferdet meg."

### En ventetid

Legg deg med hele ditt liv, dine bekymringer og sorger i den allvitende, mektige og kjærlige fars hender. Tro at alt det som møter deg må gå om ham først.

Tro at han ser lenger enn deg, og vet hva som skal til for å få deg rolig og sterk i ventetiden.

"Og om jeg skulle vandre i dødsskyggens dal, frykter jeg intet."

Edgar Rasch Eriksen

## IKKJE UNDERVURDER BORNA

-Å preika for born er minst like alvorleg som å preika for vaksne! Vi må ikkje undervurdere borna. Dei er fullverdige medlemmer i Guds rike! Dette seier amanuensis Laila Riksaasen Dahl Menighetsfakultetet, om ei sak ho brenn for: Korleis skal ein formidla den kristne bodskapen til born! No har ho skrive boka "I morgen er det søndag" som IKO-forlaget har gitt ut.

Sjolv fekk ho som barn mykje god kristen ballast frå søndagsskulelæraren. Ho meiner det kristne barnarbeidet må få større merksemd. -Men diverre er det framleis slik at det er det som presten driv med, som har status i kyrkjelyden. Eg meiner ikkje at presten skal få fleire arbeidsoppgåver, men det er prestane som må inspirera medarbeidarane og løfta dei fram. Dessutan treng vi menn i kyrkja sitt barnarbeid. Og mennene kjem kanskje ikkje utan ei statusheving? undrast Laila Riksaasen Dahl.

(KPK)

## BARNESIDE



## Den store føremiddagsmaten

(Johannes 6,1-13)

Jesus var mykje ute og reiste saman med læresveinane sine. Alle stader strøyndde det folk

Dei hadde høyrte om Jesus, no ville dei sjå og høyra han. Jesus fortalde og fortalde. Timane gjekk. Det hende nemleg ofte at folk sa og lytta i fleire timar. Då byrja det nok å rumla i magane deira. Du veit, slik det ofte gjer dersom du er ekstra svolten.

Då er det berre to ting å gjera: Anten la det rumla vidare, eller skaffa seg mat.

Den tid Jesus reiste i lag med læresveinane, fanst det ikkje kioskar. Ikkje hadde dei sykklar heller slik at dei kunne susa heim til kjøleskåpet. Nei då. Heldigvis var det nokre som hadde teke med seg niste.

Men i dag hadde det kome fem tusen for å høyra på Jesus. Det var heilt svart av folk. Utan matpakkar.

-Her må noko gjerast, tenkte Jesus. Han stod og såg på alle menneska.

Han ropte på Filip, læresveinen sin. Filip hadde litt pengar, men ikkje nok til å kjøpa brød til alle.

Så kom Andreas bort, Broren til Simon Peter som også var ein av læresveinane til Jesus. Han sa: Det er ein liten gut her. Han har med seg fem brød og to fiskar, men kva er vel det til så mange?

Då sa Jesus: -La folket setja seg.

Den dagen hende det eit under ved Tiberia-sjøen. Jesus fekk maten som den vesle guten hadde med seg. Veit du kva Jesus gjorde? Han tok brøda og takka Gud for dei. Folk såg på Jesus og lurte nok på kva som ville skje.

Det dei fekk sjå, gløyndde dei nok aldri. Jesus og læresveinane delte ut korga med brøda og fiskane, og det tok liksom aldri slutt! Folk fekk så mykje dei ville ha. Endå var det meir til overs. Dei hadde tolv fulle korgar med mat att etter at alle var blitt mette.

Dette var berre eitt av dei mange undera Jesus gjorde.

Elisabeth Bjor Aasbø, KPK



## KRISTENRUSS-TURNÉ

2. mars vil ei gruppe frå kristenrussen i Hordaland vitja Vakdal bedehus kl. 19.30, og 9. mars kl. 19.00 på Stanghelle Bedehus.

### Tuva

Tuva - dei fleste i Vaksdal kyrkjelyd har vel aldri høyrnt namnet. Tuva er ein sjølvstendig republikk (indre sjølvstyre) under Russland, og ein må ha russisk visum for å koma seg inn i republikken. Tuva ligg i Sibir og grensar til Mongolia.

Over halvparten av folket er lamaistar (tibetansk buddhisme), og difor har den norske Tibetmisjon vorte oppmoda om å ta opp arbeid der. Landet er i dag ope for kristen forkynning. Frå regjeringshald er det sagt: "Vi treng først og framst åndeleg fornying og reinsing. Dinsteng vi hjelp til å koma på beina økonomisk".

Noregs kristne student- og skuleungdomslag, har gjennom det internasjonale kristne skulelaget, kontakt med to kristne tuvanesiske studentar i Kyzyl (hovudstaden) for å få i gang lagsarbeid. Det er svært få tuvanesiske kristne. Størsteparten av landet er upløygd åker. Her store oppgåver. Kom og høyr kva kristenrussen har å fortelja og støtt opp om prosjektet.

Den norske Tibetmisjon

## LEIRAR

### Sætervika

3.-6. mars Vinterleir I, 10-12 år - kr. 380,-  
6.-9. mars Vinterleir I, 10-12 år - kr. 380,-  
9.-12. mars Vinterleir III, 12-15 år - kr. 470,-  
7.-11 april Påskeleir I, 12-14 år - kr. 560,-

Pris buss Bergen/Sætervika t/r, barn kr. 64,-  
Buss Sætervika/Kvamskogen pr. dag kr. 60,-  
Heldagskort i trekket kr. 100,-

10% søskenmoderasjon på same leir  
Påmelding/nærare opplysingar:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Ø. Muralm. 18, 5012 BERGEN

Tlf. 55 32 12 52 (kl. 9-15)

### FAGERTUN

7.-10. april - Påskeleir I - 3.-6. klasse  
12.-17. april - Påskeleir II - Frå 7. klasse  
2.- 5. juni - Pinseleir - Frå 18 år

For Informasjon og påmelding kontakt:  
Norges Samemisjon  
Sparebanksgt. 4 A, 5017 Bergen  
Tlf. 55 31 65 06

### KIRKENS SOS

Senter for samtale over telefon søker medarbeidarar til dag, kvelds og nattevakt.

Du må vera over 22 år, kristen og lojal mot Den Norske Kyrkja.

Ring 55 32 58 45 på dagtid for nærare informasjon. Tenesta er ulønna

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE



### DALE

04.12 Robert Kristoffer Jahren  
11.12 Lars Auro Indrebø  
11.12 Maria Brekke  
29.12 Anja Auro, døypt i Vangskyrkja  
15.01 Knut Edvard Brattebø Seim  
15.01 Ivan Utskott Birkeland  
15.01 Even Johansen Indrebø

### VAKSDAL

27.11 Kristoffer Gundersen  
27.11 Stian Hammer Verpelstad  
25.12 Ørjan Audestad

### BERGSDALEN


15.01 Jarand Lid Trøen

### EKSINGEDALEN

26.12 Olav Bergo  
26.12 Knut Trefall  
26.12 Anna Flatekval

### EIDSLAND

29.01 Sigve Myster Dyvik



### AVLIDNE



### DALE


03.01 Margrethe Arne, f.1911

### STAMNES

27.11 Aslaug Lilly Ulevik, f.1911  
12.12 Gerda Aas, f.1916  
12 Kari Berteia Stammesfet, f.1910

### VAKSDAL

22.12 Ole Hope, f.1904  
25.12 Anna Langhelle, f.1920  
28.01 Edvard Walentin Hvidsten, f.1910



### STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 10. mars 1995.

Bladet kjem ut i veke 14 som byrjar med 3. april. Ragnvald

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand. Prestane har teieplikt.

### Vaksdal prestegjeld

Sokneprest Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.  
Res. kap. Kjell Arne Norum  
tlf. 56 59 70 88 Mobiltlf. 94 50 29 92.  
Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag, onsdag og torsdag kl. 9-13.  
HUGS - måndag er presten sin fridag.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda  
Bladpengar: kr. 60,-  
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.  
Postgiro: 0808 57 23 4 73  
Bankgiro: 3500.50.13 117  
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,  
5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81/56 59 52 50  
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,  
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.  
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,  
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.  
Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese